



Portal Eiendom Odda AS
Røldalsvegen 35
5750 ODDA

Dato: 06.05.2014
Vår ref.: 2014/13974-50
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Portalbygg Nord, Odda kommune. Avslag på søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2014

Vi viser til Dykkar søknad av 22.11.2013 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i Kultur- og ressursutvalet på møte den 09.04.2014, sak 50/14. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For 2014 var det kr 780.000 til fordeling og det kom inn 60 søknader med ein samla søknadssum på kr 11.916.263.

Det kom inn mange gode søknader. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Til grunn for handsaminga av dykkar søknad låg skildringa av prosjektet i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinene for ordninga. Dykkar søknad nådde diverre ikkje opp ved dette høvet.

Vedlagt følgjer kopi av fylkesrådmannen si tilråding og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak. Dette kan også finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.